

Elevrådsmøte, 16.02.23

Desse møtte:

- 2: Emilie
- 3: Adrian
- 4: Liam S og Eiril
- 5: Ulrik, Leah
- 6: Alexandra og Martha
- 7: Nora Elise og Styrk
- Linda

Saksliste:

Elevane hadde fått i oppgave å diskutere korleis vi kan vere ein god venn på skulen.

Korleis kan vi vere ein god ven på skulen?

- Kun 3. og 4. årssteg har diskutert saka i klassane før møtet.
- Vanskeleg å få gode diskusjonar når elevane ikkje har førebudd møtet.
- Dette må betrast til neste gong! Lærarane må gje tid, samt informere om saksliste.
- Vi fekk likevel desse forslaga: Seie fine ting, inkludere i leik, seie «hei» og «god morgon» til ein ven. Respektere kvarandre, ingen stygge kommentarar, ikkje mobbe og sloss, leikegrupper der dei vaksne bestemmer, halde reglar på skulen og i klassen, seie «hei» til alle.

Stygg språkbruk

Vi høyrer mykje stygg språkbruk på skulen, både ute i friminutta, på fotballbanen og inne i klasseromma. Vi diskuterte kva som blir sagt, korleis vi reagerer når vi høyrer stygge ting og kva vi kan gjere. Vi diskuterte også kva vi ynskjer at andre hadde gjort dersom det var vi som blei snakka stygt til.

Kva kan vi gjere med dette for å betre situasjonen? Vi skal ha ein aksjon!

Snakke-fint-aksjon

Det er ikkje lov å seie desse orda:

- Banneord: faen, jævla, helvete og andre banneord.
- Nedsetjande ord om folk: homo, bitch, nerd, noob, loser og andre ord.
- Rasistiske ord: neger, pakkis og andre rasistiske ting.
- Ikkje lov å true folk!

Varighet: veke 8 – 13

Belønningssystem: 1 klinkekule for kvar dag der det ikkje er stygg språkbruk. Lærarane spør klassen på slutten av dagen: Har det vore stygg språkbruk bland elevane i klassen? Eit «nei» tilsvarer ei klinkekule i glaset. Eit «ja», gir ingen klinkekule. Ein treng ikkje seie kva som blei sagt eller kven som sa det. Det er nok at nokon seier «ja». Elevrådet og rektor tel opp klinkekuler i veke 13. Det blir premie til vinnarklassen!

Vennskapsbenken

Benken skal flyttast bort til 1. klasseinngangen. Dersom vi ser at nokon sit på benken, skal vi gå bort og spørje om dei vil vere med. Dei som sit på benken må takke ja til dei som inviterer.

Kåringar til karneval

Elevrådet kårer beste kostyme på småsteget, beste kostyme på mellomsteget, beste limbodansar.

Referent: Linda Selheim